

# Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 20. oktober 2020

<b>Råd:</b>	Nysæter sokneråd
<b>Tid:</b>	Tysdag 20.oktober 2020 kl. <u>17.00-19.00</u>
<b>Møtestad:</b>	Nysæter kyrkje
<b>Opning:</b>	Oddbjørg Løkling

*" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "*

**Innkalla:** Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

**Forfall:** Katrine Valvatne Kvernenes, Karen Marie Valvatne, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten.

SAKLISTE

## **2020/43- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:** Godkjent med desse tilføyningane til saklista:

Sak 2020/50- 217: Val av 2 mdl til arbeidsgruppe som arbeider med « frivillighet».

Sak 2020/5- 365: Deltaking på julegateopning i Sagvåg 28.11.2020

## **2020 / 44-012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 25.08.20**

**Vedtak:** Godkjent

## **2020/45 – 350: Kantor Bjarte Aadland orienterer om arbeidet han gjer som kantor.**

**Saksutgreiing:** Soknerådet inviterer tilsette i staben til soknerådet for å orientere om arbeidet, sei noko om tankar og draumar framover og om kva dei forventar av oss i soknerådet. I dette møtet kom kantor Bjarte Aadland med sine tankar.

**Soknerådet vart oppdatert på kontor sine varierte arbeidsoppgåver.**

**Me takkar han for tenesta han gjer, og ynskjer lukke til vidare.**

## **2020/46 – 310: Ny gudstenesteliturgi og førebuing til soknemøte.**

**Saksutgreiing:** 22.august deltok soknerådet på eit kurs der me fekk innføring i hovudtankane kring den nye gudstenestereforma/gudstenesteliturgien. Gudstenesteutvalet i Stord og Nysæter har jobba fram eit forslag som vert lagt fram for soknerådet. Soknerådet og soknemøtet skal også svare på ei rekkje spørsmål om korleis me tenkjer kring gudstenesta.

**Vedtak:** Soknerådet støttar det framlagde forslaget frå gudstenesteutvalet. Dersom det ikkje kjem fram vesentlege endringar på soknemøtet 25.10., går dette vidare til prosten for godkjenning og til til alle soknerådsmedlemene etter soknemøtet.

## **2020/47 -310: Gudstenester julafta**

**Saksutgreiing:**I ei tid med strenge smitteverntiltak kring gudstenesta må soknerådet ta stilling til kva form for gudstenester det er mogleg å gjennomføre på julafta. Biskopen har sagt at gudstenesta ikkje skal avlysast.

**Vedtak:** Soknerådet ynskjer 3 korte gudstenester i Nysæter kyrkje julafta. Berre dei som melder seg på, kan koma. SR støttar staben på den praktiske gjennomføringa.

# Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 20. oktober 2020

## **2020/48 – 354: Julekonsert.**

**Saksutgreiing:**I ei tid med strenge smittevern kring samkomer i kyrkja, må soknerådet ta stilling til om det er ynskjeleg / tilrådeleg å arrangere julekonsert i adventstida. Alternativ til konsert er opptak av dei ulike aktørane.

**Vedtak:** Julekonserten vert i år spelt inn på førehand og send som ein digital julekalender i adventstida.

## **2020/49-411: Nettilgong i kyrkja**

**Saksutgreiing:**I haust vart konfirmasjonsgudstenestene streama. Dei som hadde det tekniske ansvaret for dette, opplevde dårleg nettilgong i kyrkja, og kvaliteten på produktet vart ikkje tilfredsstillande. Me lurar på om det er mogeleg å kopla på eit betre nett i samband med bygging av ny Nysæter ungdomsskule

**Vedtak:** Nysæter sokneråd bed kyrkjevevja undersøke om det er mogeleg å betre nettilgongen til Nysæter kyrkje.

## **2020/50- 217 :Val av 2 mdl. til arbeidsgruppe som arbeider med «frivillighet».**

**Vedtak:** Heine Kaldefoss og Oddbjørg Løkling vart valde inn i arbeidsgruppe som arbeider med «frivillighet».

## **2020/51-365: Deltaking på julegateopning 28.11.20 i Sagvåg**

Det er kome spørsmål frå Sagvåg Forum om kyrkja vil delta på julegateopninga i år.

**Vedtak:** AU får fullmakt til å jobba fram forslag til korleis me deltek.

### **Generell info:**

- Kyrkjelege aktivitetar framover:
  - «Messe for en såret jord» 15.11.20
  - «Puls på livet» 24.11.20
    - Smittevern
- Gudstenestene framover: me føl gudstenesteplanen på kyrkja si heimeside
- Kyrkjevertlista- oppdatering: manglar tilsendt oppdatert/ korrigert liste
- Kyrkjeakademiet 10.11.20: «Musikken i kyrkja»-Jan Overweg og Fred Olav Bjørnstad
- Gladmelding: Biskopen har godkjent stolkjøpet vårt.

Marit Stalheim Grimstad  
Soknerådsleiar  
Sign

Oddbjørg K. Løkling  
Nestleiar /referent  
Sign

Neste møte i soknerådet vert 8.desember 2020

Kaffi: Katrine Valvatne Kvernenes  
Opning: Heine Kaldefoss